



## Presentasjon av æresmedlem i Osterøy idrottslag



### Karl Johan Reigstad

(f. 13.08.1944)

Utnemnd til æresmedlem på årsmøtet i 2011.

Karl Johan var aktiv i laget allereie for 50 år sidan.

Vart som 20-åring leiar av friidrettsgruppa for første gong. Til saman meir enn 30 år i styret i friidrettsgruppa, der han har hatt dei fleste verv.

I 1967 var han med på å ta initiativ til å reisa til Oslo på Holmenkollstafetten for første gang. Dette skulle verta starten på ein lang og tru tradisjon for friidrettsgruppa.

Karl Johan var også tidleg i karriera leiar av skigruppa, her satt han i 2-3 år.

Friidrettsmiljøet skulle på 80 talet skyta skikkeleg fart med ny idrettsbana på Valestrand. Etter kvart som Osterøy stadion kom, vart det enda meir aktivitet. Det vart arrangert stemne og det vart tatt initiativ til å setja i gang dommarkurs. Her var Karl Johan ei sentral brikke. Eit uvurderleg arbeid er lagt ned for å skape aktivitet på banene med mange dugnadstimar både på og utanfor bana.

Karl Johan har jobba som lærar og rektor, og har spreidd idrettsglede både i og utanom skuletida. Alle som har hatt denne læraren i gym veit kor lidenskapleg opptatt han var av friidrett. Han motiverte og inspirerte mange små og mange av dei i dag kan takka han for at dei vart sett og oppdaga. I mange år var han oppmann for gutar og jenter. Framleis er han å sjå på måndagstreningane der han hjelper til med trening av dei unge.

Friidrettsgruppa har dei seinare åra hatt fleire store stemne, og Karl Johan er ei særst viktig brikke for laget i slike samanhengar. Han har vore arrangementsansvarleg fleire gongar og hadde hovudansvaret då friidrettsgruppa fekk tildelt NM i terrengløp i 2002 i Mjeldalen, NM i stafettar i 2007 samt at han i 2010 var leiar av teknisk komité då det vart arrangert Europameisterskap for lag på Fana stadion.

På bana har han vore ein habil mellom- og langdistanseløpar, og det kan nemnast at han har delteke på alle Fana-milene gjennom tidene, og deltok i 2011 for 32. gong! Karl Johan deltek framleis på karusellstemne og veteranmeisterskap, men no mest i kastøvingar.

